



Arne Terje Haugland med ein laks på seks kilo, teke i år i Gravehølen. (Foto: Kåre Vetrhus).

- Det som no skjer i Uskedalselva er heilt eventyrleg, sa oppsynsmann og toppfiskar Arne Terje Haugland då Bygdeutviklingsprogrammet starta haustsesongen i Dønhaugkjedlaren. Han berømma Uskedalen Grunn- og Elveigarlag og slo fast at grunneigarane sitt arbeid med kalking og spesielt då byggjinga av kalkingsstasjonen i Børsdalen har bore rike fruktar. Allereie tidleg i juli var dette den beste lakse-sesongen Haugland har opplevd på 50 år.

- Eg har aldri sett så mykje stor fisk som no. Berre måndag ettermiddag vart det teke iallefall åtte laksar i Haugland-området som eg kjenner til, fortel han. Dei særleg gode fangstane nett no har mykje med auka vassføring å gjera. Haugland slår fast at det aldri har vore fanga så mykje laks i elva som i år. Kor mykje vil ikkje vera klart før etter sesongslutt den 15. september. Sjølv tok han 15 laksar i fjor, medan den vanlege fangsten før har vore tre laksar i året.

- Eg byrjar faktisk å bli litt redd for sjøauren. Den overordna målsettinga er jo ikkje å gjera Uskedalselva til lakseelv, men til ein av Vestlandet sine beste aure-elvar, sa Haugland.

Sidan han byrja å gå med stonga som tiåring har Haugland sjølv teke 2.500 fiskar i Uskedalselva.

I år har han truffe folk frå fem nasjonar langs elva.

**Av Ola Matti Mathisen**